



Naturvernforbundet
i Ørsta og Volda

08.02.2022

Volda kommune, skogsjefen,
postmottak@volda.kommune.no

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal,
sfmrpost@statsforvalteren.no

Vedrørende hogst i olivinskog. TFU- sak 10/23, Dokument 23/351.

Naturvernforbundet vart gjort kjendt med saka gjennom Miljøvedtaksregisteret. Vi har sett gjennom dokumenta i saken. Den bringer nokre utfordringar for Statsforvaltaren og kommunen opp i dagen:

- Både Statsforvaltaren og Volda kommune bør nok ein gong purre på M.dir for å få ferdig retningslinene for skjøtsel av den utvalde naturtypen *olivinskog*, slik det vart lova då naturtypen vart definert og gitt status i desember 2020. *“Det skal utarbeides handlingsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning, skjøtsel og andre tiltak for naturtypene nevnt i §3 nr 1,2,3,4,5,6,7 og 8”*. (sitat Forskrift). Slike retningslinjer vil lette sakshandsaminga og gje enklare rammer for alle partar. Ikkje minst for grunneigarane.
- Det må løyvast midlar til ei ny kartlegging av olivinskogane på Sunnmøre. Etter gjeldande kartleggingsmal, oppdatert avgrensning og definisjon av naturtypen. Som kjent er olivinskog ein raudlista naturtype (EN) som Norge har eit særkild ansvar for. Dei største lokalitetane i verda finn vi i tre sunnmørskommunar. Vi har før varsla Statsforvaltaren (01.12.2021) om eit olivinskogfelt i Volda som ikkje er registrert i Naturbase.
- Det er Volda kommune sitt ansvar å sjå til at tiltaket er gjennomført i samsvar med løyvet.

Ellers undra vi oss litt over vedlegget "Faggrunnlag for kalkbarskog". Den NINA-rapporten omhandlar ein annan naturtype. Der er berre eit lite kapittel som omhandlar avgrensninga mot naturtypen olivinskog.

Meir relevant var det kanskje å vise til *Olivinskogene i Norge - en oppsummering av status og verdi. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga Rapport 2008*:

Vi vil bli glade for tilbakemelding på engasjementet vårt i saka!

Med helsing,
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,
Knut Festø, lokallagsleiar.